



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Kontakt saksbehandlar

Solbjørg Engen Torvik, 51 56 88 03

Oppstart av verneplan - Frivillig vern av skog - Hjelmeland 115/3 - Øvre Tysdalsvatnet

Statsforvaltaren i Rogaland kunngjer oppstart av verneprosess for Øvre Tysdalsvatnet i Hjelmeland kommune. Føremålet med oppstartsmeldinga er å innhente synspunkt og sikra medverknad før det blir laga eit konkret verneforslag.

Innspel kan sendast til Statsforvaltaren i Rogaland innan 9. september 2026.

Melding om oppstart

I samsvar med naturmangfaldlova § 42, melder Statsforvaltaren i Rogaland oppstart av verneprosess for eit nytt skogområde:

- **Øvre Tysdalsvatnet** i Hjelmeland kommune, ca. 578 daa, eigd av 2 grunneigarar.

Aktuell verneform er naturreservat etter naturmangfaldlova § 37. Verneplanen inngår i ordninga med frivillig vern av skog¹, der grunneigar frivillig tilbyr område for vern og får erstatning for skogen. Her kan du lese meir om [frivillig vern av skog](#).

Oppstartskart og naturfaglege rapportar, finst på heimesida til [Statsforvaltaren i Rogaland](#) under Miljø og klima > Verneområde, eller kan sendast på e-post ved førespurnad. Området blir også kartfesta i Miljødirektoratets kartløyising [Naturbase](#) og på vår kartløyising [Temakart Rogaland](#), huk av *Natur > Verneområder > Foreslåtte verneområder*.

Me gjer særleg merksam på at avgrensinga på kartet ikkje er eit ferdig verneforslag, men det arealet som skal vurderast vidare i verneprosessen. Til dømes kan grensene justerast etter innspel og ny kunnskap, samt at det kan koma innspel om stiar eller anna som bør teiknast inn på vernekartet. Vidare skal staten og grunneigarar bli einige om forskrift, avgrensing og erstatning. Gjennom heile prosessen blir det gjort vurderingar av verneverdiane.

¹ Miljødirektoratets informasjon om Noregs verneområde:

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/vernet-natur/norges-verneomrader/>



Overordna formål med vern

Arbeidet med nye verneområde styres av handlingsplanen for naturmangfald [Natur for livet](#) (Meld. St. 14, 2015-2016). Skogvernet skal medverka til å nå nasjonale målsetnader for naturmangfald som Stortinget har slutta seg til gjennom handsaming av Meld. St. 14 (2015-2016) *Natur for livet* og Meld. St. 35 (2023-2024) [Bærekraftig bruk og bevaring av natur](#) og [FNs Naturavtale](#) (desember 2022). Hovudbodskapen i desse er eit mål om å stoppe og reversere tapet av natur og økosystem. Vidare at økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester, at ingen artar eller naturtypar skal utryddast, og at eit representativt utval av norsk natur skal tas vare på for komande generasjonar. Områdevern etter naturmangfaldlova er eit langsiktig verkemiddel som kan bidra til å sikre viktige områder for naturmangfaldet i Noreg. Skog husar om lag 60 % av alle artane me kjenner i Norge, og dei fleste plantar, dyr og sopp føretrekker livsmiljø med variasjon i type, alder og høgde på trea, og skog som inneheld død ved (Sabima). Ei rekke trua og nær trua naturtypar og halvparten av alle trua og nær trua artar er bunden til skog og skogsmiljø. Dei aller fleste av desse artane høyrer heime i den gamle urørte skogen, og fleire artar av lav, insekt, sopp og fugl er heilt avhengig av gammal skog og død ved. Gjennom vern får skogen stå urørt og utvikle seg fritt, og mange livsmiljø vil sikrast. Skogvern er difor eit viktig og prioritert tiltak for å ta vare på norsk naturmangfald. Gammal skog er i tillegg eit viktig karbonlager.

Stortinget har sett som mål å verna 10 % av skogarealet. Eit representativt utval av skogen tyder at det skal vernast alle typar skog som finst i Noreg. Det er gitt føringar for kva typar skog som manglar i skogvernet i dag, og me leiter etter dei typane som manglar nasjonalt eller regionalt og samstundes har gode verneverdiar og har førekomstar av trua og nær trua naturtypar og artar.

Kunnskapskjelder

Rapportar frå skogfagleg kartlegging er vedlagt eller kan lastast ned frå høgre marg på sida på nettsida til Statsforvaltaren. Dei fleste områda blir kartlagt etter ein standard metodikk for skogkartlegging. Rapport frå kartleggingane blir tilgjengelege og utarbeidast i Skoganalyse og nyttast når områder skal vurderast for vern. I [denne storyen](#) kan du lese om kva som inngår i skoganalysane og korleis me vurderer om skog er verneverdig. Øvre Tysdalsvatnet blei kartlagt i 2025 skoganalyse-rapporten blei tilgjengeleg i januar 2026. Andre viktige kunnskapskjelder er nasjonale databasar som [Naturbase](#) og [Artskart](#) kor ein finn kartlagde skogområde og naturtypar, registrerte artar og mogleg naturskog. Hos Artsdatabanken finst vurderingar av [raudlista artar](#) og [raudlista naturtypar](#). Informasjon om ansvarsartar finst hos Miljødirektoratet, [Arter av nasjonal forvaltningsinteresse](#).

Omtale av verneforslaget og skildring av naturverdiar i Øvre Tysdalsvatnet

Verneforslaget ligg på nordsida av Øvre Tysdalsvatnet mellom Holmane og Midvegneset. Grensa for verneforslaget følger eigedomsgrensa kring heile gards- og bruksnummer 115/3. Mot vatnet er grensa til vasskonturen nytta. Innmarksbeite ved Holmane er for det meste ikkje med i vernet, men grensa for verneforslaget følger også her eigedomsgrensa, som i nokon grad går langs ein steingard. Det er verd å merke seg at eigedomsgrensa ikkje heilt samsvarar med steingarden og innmarksbeite avmerkt i AR5-kart i dette området.

Verneforslaget omfattar ei svært bratt li med mykje rik edellauvskog, litt seminaturleg eng, ein del rasmark og nakent fjell. Området er kalkrikt og rike edellauvskogar dekker store delar av arealet som har variert tresjikt av ask (EN), eik, svartor, lind (NT), hassel, alm (EN), hassel og bjørk. Området er særleg verdifullt på grunn av rik og spesiell epifyttflora, med fleire sjeldne og raudlista lavartar knytt til ask, til dømes irsk hinkelav (CR). Skogen ber preg av tidlegare beite og styving, men har likevel ein viss naturskognærleik og husar mange store og gamle tre, særleg av eik og ask. Fleire av eikene er hule og har høg naturverdi. Skogen er etablert før 1940 med sannsynleg naturskog. Dette kjem òg



fram i kartleggingane kor det er registrert fleire areal med store gamle tre og både liggande og ståande død ved. Den eldste skogen finn ein lengst aust, men også i fleire parti i vest.

I verneforslaget er det heile 74 registreringar av raudlisteartar, derav 10 ulike artar. Ei fullstendig og heildekkande kartlegging av artar var ikkje mogleg på grunn av logistikk og sikkerheit. Det er difor grunn til å tru at ikkje alle naturverdiane ikkje er avdekka og at det er stort potensiale for fleire artar.

Verneforslaget vurderast å ha regional til nasjonal verneverdi og fyller manglar i skogvernet knytt til store areal med rik edellauvskog som er prioriterte naturtypar for vår region. Det er lågareliggjande areal under 300 moh og ligg i sørboreal sone og klart oseanisk seksjon (jf. nytt kombinert kartlag). Området inneheld trua og nær trua natur i form av naturtypar og artar, og særleg den kritisk trua arten irsk hinnelav (CR) blir nemnd samt to andre artar i same slekta som begge er sårbare (VU).

Verneforslaget har lite økologisk nettverk mot andre verneområde, der Målandsdalen naturreservat og verneforslaget Riskadalsvatnet som nettopp er tilrådd til Miljødirektoratet, ligg 6-7 km unna. Det har likevel stort nettverk mot andre raudlista artar, både like vest for verneforslaget, kor både dei same artane og andre raudlisteartar er funne, og på andre sida av vatnet.

Kort om verknader av vern

Området som blir verna, vil gjennom verneforskrifta få restriksjonar for bruk. Eit verneområde skal vernast mot alle former for inngrep som kan strida mot verneformålet. Restriksjonane gjeld i første rekke at det vil bli forbode å øydelegge eller ta med seg alle formar for plantemateriale, både levande og dødt, og at dyr, krypdyr, fuglar og insekt er verna mot skade, forstyrring og øydelegging. Det vil òg bli forbode å føra inn planter og dyr av alle slag. Vernet vil ikkje vere til hinder for enkelt friluftsliv, men tilrettelegging, ut over vedlikehald av eksisterande stiar, er ikkje ønskeleg. Etablering av nye anlegg vil vera utelukka, om ikkje anna er nemnd i verneforskrifta. Verknadene er ikkje omtala fullstendig her, men vil handsamast nøye under arbeidet med verneforskrifta. Grunneigar vil også etter etablering av vernestatus ha eigedomsretten i området, men skogen og trea eig staten.

Det er ikkje kjent særlege høve ved Øvre Tysdalsvatnet som treng omtalast nærare her.

Området er samordna med landbruksavdelinga hos Statsforvaltaren og samordningsskjema med avveging av områda sin betydning for skogvern versus betydning for skog- og trenæringa er vedlagt.

Proessen vidare

Etter å ha motteke innspel på oppstartsmeldinga om verneprosess, vil Statsforvaltaren byrja arbeidet med å utarbeida høyringsdokumentet. Alle innspel til oppstart blir omtalt og eventuelle endringar og kvifor innspel ikkje fører til endring, blir grunngjeve. Statsforvaltaren vil så fastsette eit konkret verneforslag med avgrensing (vernegrense) og verneforskrift. Desse blir også avklart med grunneigarane før neste steg. Verneforslaget sendast så ut på offentleg lokal og sentral høyring med frist på to månader.

Etter høyringa vil Statsforvaltaren gjennomgå kunnskapsgrunnlaget saman med høyringsdokumenta og uttalar til høyringa, og eventuelle justering av vernegrense og verneforskrift eventuelt blir gjort. Eit endeleg verneforslag blir utarbeida og me sender vår tilråding til vern til Miljødirektoratet. Miljødirektoratet vil deretter samordna fleire verneforslag frå heile landet og utarbeida si tilråding til Klima- og miljødepartementet (KLD). KLD vil gå nøye gjennom tilrådinga. Ein må forventa at det kan koma endringar i kart og forskrift gjennom heile verneprosessen. I løpet av prosessen må også grunneigarane ta stilling til om dei aksepterer erstatninga dei blir tilbudd og signera ein avtale.



Til slutt vil KLD førebu sak til Kongen i Statsråd. Endeleg vernevedtak blir fatta ved Kongeleg Resolusjon.

Innspel til oppstartsmeldinga

Me er takksame for alle synspunkt på og kunnskap om naturverdiar, brukarinteresser og anna, og ønsker særleg innspel som kan bidra til gode løysningar både for vern og bruk. Spesielt er me interessert i innspel angående namn på verneområdet, då me ønsker at det skal vere god lokal forankring. Namnet *Øvre Tysdalsvatnet* er litt lite spesifikt då vatnet er stort og langt, og det kan koma fleire tilbod om vern kring vatnet. Innspel kan sendast med brev eller e-post til Statsforvaltaren i Rogaland.

Frist for å sende innspel til oppstartsmeldinga er sett til 9. september 2026.

Postadresse: Statsforvaltaren i Rogaland, Miljøvernavdelinga, Pb. 59, 4001 Stavanger

E-postadresse: sfropost@statsforvalteren.no.

NB! Merk sendinga med vår referanse 2024/16081.

Dette brevet blir sendt til grunneigarar og naboar av verneforslaget, alle kommunar i Rogaland, samt Rogaland Fylkeskommune, og i tillegg til aktuelle lokale, regionale og nasjonale høyringsinstansar. Alle kan også finna denne informasjonen på heimesida vår

Ta gjerne kontakt med saksbehandlar hos Statsforvaltaren i Rogaland dersom dykk har spørsmål. Solbjørg Engen Torvik, 51 56 88 03, solbjorg.torvik@statsforvalteren.no

Med helsing

Tage A.T. Eriksen (e.f.)
fagleder natur

Solbjørg Engen Torvik
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg

- 1 Oppstartskart Øvre Tysdalsvatnet
- 2 Faggrunnlag Øvre Tysdalsvatnet
- 3 Avveing skogvern vs. skogbruk, Øvre Tysdalsvatnet
- 4 Adresseliste OPPSTART Øvre Tysdalsvatnet